

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Mars 2025




Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Steinar Frønsdal

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70


Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevjerje
kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no
97 57 30 21



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
47 25 35 29



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28




Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
47 63 47 77



Oleksandr Zavialov
Kyrkjegardsarbeidar, vikar



Solveig Sørheim Eikanes
Organist
organist@etnekyrkja.no
53 77 11 77



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74

Eldrefest i Etne

Femte mars inviterte Diakoniutvalet til eldre-fest på kyrkjetoget i Etne kyrkje. Store mengder regn og stengd veg i Stordalen hindra nok ein del frå å koma, men det var likevel ein fin flokk som møtte fram. Det heile starta med ein liten minikonsert i kyrkjerommet. Astrid Eikemo frå Skånevik spela piano og song fleire av Lina Sandell sine songar. Songar med sterke og gode tekstar, vart og fint framført av Astrid. Etter å ha funne plass ved festpynta langbord på kyrkjetoget, var det sokneprest Kari Vik Stuhau sin tur til å både underhalda og koma med litt meir alvorlege ord i sitt kåseri. Ho snakka om det å bli eldre, og ho snakka til folk som skjøna innhaldet godt. Litt trim for alle blei det også tid til under kåseriet.

Ei god blomkålssuppe stod på menyen, og pratn gjekk godt rundt borda under måltidet. Suppa laga av Reidun Holmen fall godt i smak så dei frammøtte åt godt. Måltidet blei avslutta med kaker og kaffi, og kaker var det plenty av.

Tidlegare lærar Ruth Flatebø var den siste aktøren i aksjon. Med si gode røyst las ho gode og underhaldande tekstar. Først om utfordringa det er å ha storfamilien på besøk med alle sine matintoleransar og spesielle behov under måltida, ja, til og med hundane gjestene har med seg skal ha sitt. Og ei fornøyeleg novelle av Alf Prøysen.

Det var godt å samlast om eit fellesskap og for nokre timar gløyma alt som blir kringkasta og skrive om uroa ute i verda.

Alt Østrem

UNG Skjærtorsdag - treff for unge vaksne i Etne kyrkje 17. april. Først gudstenesta for alle kl. 19.00, og deretter godt høve til å få ein prat med gamle kjende – med quiz, enkel mat, snacks og prat på Kyrkjetoget. Avtal med gamle kjende og kom!

Den tomme krossen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusen-årig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og liding, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnaervær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle



menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Biskop Ragnbild Jepsen

Samarbeidsprosjekt mellom fellesråda i Bokn, Etne, Tysvær og Vindafjord

Dei fire Fellesråda har nyleg mottatt tilskot til å utgreie eit samarbeid. Tilskotet er gitt frå Kyrkjerådet og vert tildelt fellesråd som ønskjer å utgreia korleis ein best mogleg kan løysa oppgåvene som kyrkjekontora lokalt har ansvar for, gjerne då på tvers av noverande organisering.

Fellesråda ser at me er sårbare kvar for oss, me har få tilsette, som igjen har eit breitt ansvarsområde for drifta av aktivitetar både i kyrkjene og på gravplassane. Det vert og stilt stadig større formelle krav til oss som arbeidsgivarar og som ansvarlege for bygg og drift. Me har framleis gode samarbeidsavtalar med kommunane, men samtidig er ikkje kyrkja like integrert i kommunane si drift som tidlegare.

Mykje av arbeidet må gjerast lokalt, tett knytt til bygda og den lokale kyrkja. Andre delar kan me gjerne samarbeida meir om, særleg gjeld dette administrative oppgåver og leiing. Me vil då vera mindre sårbare ved sjukdom og andre vakansar. Me har tru på at me ved å bruka ressursane våre saman, så kan me gi betre tenester til folket i bygdene våre.

Følgande hovudalternativ skal utgreiast:

- Samanslåing av fellesråda
- Felles administrasjon/leiing av råda
- Lokalisere område der me kan ha eit utvida samarbeid/«vertsfellesråd» samtidig som råda består som sjølvstendige einingar med eiga leiing
- Desse tre alternativa skal vurderast opp mot kvarande og mot «nullalternativet». «Nullalternativet» er å fortsetje som i dag.

Dei fire fellesråda ser at det kan vera gode grunnar for eit utvida samarbeid, men er samtidig noko usikre på om full samanslåing er mogleg og beste løysing no. Råda har derfor eit

ønske om å utgreie eit utvida samarbeid mellom råda, ev samanslåing av råd.

Prosjektet er i startfasen no og skal slutførast innan 31.12.2025. Øyvind Valen frå Vindafjord er engasjert som prosjektmedarbeidar og vil arbeida med prosjektet framover.

Me ser fram til dette arbeidet og vil invitera sokneråda, dei tilsette og andre interesserte til å koma med sine bidrag i denne prosessen. Første stoppunkt her vil vera i mai/juni då det skal ligga føre litt klarare skisser som viser kva retning arbeidet kan ta.

Fellesrådsleiarane i Bokn, Etne, Tysvær og Vindafjord: Åse Bratthammer, Gerd Ingunn Opdal, Ingvar Frøyland og Steinar Sørbus

Prosjektkoret

Er du glad i å syngja, vore med i kor før, eller alltid hatt lyst til å syngja i kor? Bli med prosjektkoret i Etne kyrkje, her er folk både frå Etne og Vindafjord.

Vår alle tiders dirigent Solveig Sørheim Eikanes leiar oss med stødig hand.

Prosjektkoret har øving kvar torsdag kl. 19.30 (Ikkje 17.04, 01.05 og 29.05).

Me øver fram mot lovsongsgudsteneeste søndag 1 juni. Koret skal framføra ein del songar, ilag med orkester, og vera forsongarar denne kvelden.

Bli med då vell!! Hjarteleg velkommen!!

Steinar Frønsdal

Ny informasjonstavle ved Stødle kyrkje



Foto: Aud Jorunn Baustad.

Ved Stødle kyrkje er det ny informasjonstavle på gong. Etne sogelag har fått midlar frå E-lagsfondet til informasjonstavla. Dette blir ei tavle med informasjon om kyrkja på fleire språk, i tillegg til QR-kode til ei nettside med meir utfyllande informasjon.

Ei nemnd som består av Ole Mæhle, Ingvor Gundegjerde, Marta Onstein og Atle Aas har stått for planlegging, inn-samling av historisk informasjon og anna som skal til.

Økland foto skal ta bilde, og Omega 365 design skal laga informasjonsplakaten.

Ståle Sørheim har laga stativet, der han har tatt utgongspunkt i inngongspartiet på kyrkja.

Me vil retta ei stor takk for flott arbeid til alle som har bidratt med dette prosjektet.

Aud Jorunn Baustad

Jubileum for Gjerde kyrkje i 2026

I 2026 er Gjerde kyrkje 350 år. Dette skal markerast på ulikt vis. Ei jubileumsnemnd har hatt sitt første møte, men det er lite konkret på blokka så langt. Ein orgelkonsert vil det ganske sikkert bli, og Jørn Øyrehagen Sunde har lyst å koma og ha eit foredrag, og så vil tida visa kva andre arrangement jubileet skal innehalda.

Første gong ei kyrkje i Gjerde er nemnd i historiske skrift er år 1288, og det var truleg ei stavkyrkje som stod her først. Den kyrkja som komande år altså fyller 350 år, blei i si tid flytta frå Bergen og hadde namnet Lille Sandviken Kirke. Den blei riven og frakta til Etne og sett opp på nytt i 1676.

Kyrkja har ein interessant historie, og det skal sjølv sagt gravast litt i denne historien fram mot jubileet. Ei hending frå nyare tid er brannen i trappeoppgangen mot galleriet i 1954. Denne brannen har mellom anna vore omskriven i ei av bøkene til Etne Sogelag. Øyvind Matre, som er med i jubileumsnemnda, sat saman med mora på galleriet då brannen oppstod. Ingen vart skadde i brannen, og kyrkja vart redda.

Me ønskjer innspel frå folk som har ulike his-



toriar frå hendingar i eller rundt kyrkja som andre kan ha interesse av å ta del i. Det treng ikkje vera dei store tinga, men ta kontakt med kyrkjekontoret slik at me får tak i historiar som kan vidareformidlata i jubileumsåret, seier Øyvind Matre.

Matre kan elles fortelja at det ikkje er pengar til noko omfattande oppussing av kyrkja. Me legg til at kyrkja og området rundt skal vera i presentabel stand til jubileet.

Alf Østrem

Påsketradisjonar frå andre land

Me har spurd folk i Skånevik og Etne, med røter utanfor Noreg, om dei kan fortelje om påsketradisjonar i frå sine heimland.

Fargerikt og sosialt i Guatemala

Silvia Paz Eskeland i Etne har gode minne frå den fargerike og innhaldsrike påskefeiringa i hovudstaden i Guatemala i Mellom-Amerika. Landet er kjend for sine påsketradisjonar, og er med på Unesco si verdensarvliste for feiringa som strekkjer seg frå askeonsdag til påskedag. Feiringa inneheld spektakulære prosesjonar som aukar på i sjølve påskeveka med eit yrande folkeliv, gjerne med to prosesjonar om dagen. Desse startar frå eit kyrkjebygg og går ein runde og endar opp på same staden, og kan vara mellom 12 og 18 timar. Det er bygd ei stor tung pynta plattform som blir boren av store menneskegrupper som avløyser kvarandre. Meininga er at deltakarane skal kjenna på ein del av smerta som Jesus opplevde på sin veg til Golgata.

Desse rituala er med å skapa eit felleskap for folk frå alle samfunnslag, der deltakarane nyttar lilla klede gjennom fastetida, svarte klede på langfredag, og kvite klede påskedag. Friske fargar pregar også dei store teppa av sagspon og blomeblad som gatene blir pynta med. Det blir brukt masse tid på å laga dei store teppa av sagspon, og dei same materiala blir også nytta til å pynta kyrkjealtera med. Fargane symboliserer det nye livet som er gitt gjennom Jesus sitt frelsesverk.

- Eg hugsar dette som kjekke ting å vera med på og det er veldig sosialt. I påskeveka samlast familiane og er med på feiringa, me samlast gjerne ved hyttene på stranda. Måltida blir flytta ut og i påskeveka står bacalao på menyen, fortel Silvia, som legg til at påsketradisjonane frå hennar fødeland synleggjer på ein god måte kva påska handlar. Gjerne litt i kontrast til feiringa i Noreg.

Guatemala er eit spanskalande land med 18 millionar innbyggjarar. Tidlegare stod den ka-



Eksempel på eit fargerikt teppe av sagspon.

tolske kyrkja sterkt, men talet på praktiserande katolikkar har gått ned dei siste tiåra. Derimot har pinserørsla vakse mykje blant innbyggjarane. Tradisjonane rundt påskehøgtida står likevel framleis sterkt. Etter Sevilla i Spania blir påskeprosesjonane i byen Antigua i Guatemala rekna som dei største i verda. I løpet av fastetid og påske får byen med 45000 innbyggjarar vitjing av om lag ein million menneske. Dei same påsketradisjonane lever også i dei største byane.

Song og dans i Nepal

Moti Maya Subba og Shrawan Tamang frå Nepal fortel at til påske pyntar alle seg i festdrakt eller fine klede og møtest i kyrkja for å be, særleg for dei sjuke. Etter gudstenesta samlar alle seg utanfor kyrkja, lagar mat og kosar seg i lag som ei stor feiring. Det er mykje song, dans, plakatar og underhaldning.

Påskeeggjakt i Tyskland

Sylvia Thör fortel at i Tyskland er det ein lengre tradisjon med å leite etter påskeegg og påskegodteri som påskeharen har gøymd i hagen. Også i Nederland organiserer ein påskeeggjakt. Det er og vanleg å feire påske med ein god påskefrukost. Borna måler på kokte egg, som etterpå blir ein del av måltidet. Sjokoladeegg med ulike smakar er og vanleg å ha heime, fortel Esther Kuijt.

Alf Østrem og Kari Johansson

I over 30 år har Tripp Trapp Treff vore eit trusopplæringstiltak på onsdags føremiddagar, både i Skånevik, Etne og tidlegare på Sævareid. Då skulen ikkje lenger hadde onsdagsfri måtte ein vera kreative, og gjere endringar for å tilpasse seg dette.

I Etne valde ein å legge tilbodet til tisdagar etter skuletid, slik at borna kan koma rett frå skulen på Tripp Trapp.

I Skånevik har ein halde på onsdagen, flytta det til etter skuletid, og tilbodet er for born i alderen 0 til 13 år. Dei største kjem aleine rett frå skulen og dei yngste har med seg ein forelder. Det er veldig kjekt å sjå korleis store og små kosar eg saman, og at også dei vaksne har det sosialt i lag.

Tripp trapp blir leia av flinke trusopplærarar: Randi, Elisabeth og vikar Anne. I tillegg hjelper ein del frivillige til. På programmet står det matøkt, samling med song og bibelforteljing, og til slutt ein hobbyaktivitet.



Foto: Anne Holter Vae.



Foto: Anne Holter Vae.

For dei som er heime med born under skulealder, er det i Etne annakvar onsdag eit anna tilbod: Babysang og nystarta småbarnstreff på Kyrkjetoget.

Dørane opnar kl.9.30, og det er samling for kvar gruppe kl.10.00.

Etter det er det leik og måltid, der alle har med seg mat, og kyrkja kokar kaffi.

Det samlast omlag 10-15 born med sine vaksne kvar gong.

Sjekk plakatar eller kyrkja si nettside for datoar og tidspunkt. Alle er hjarteleg velkomen!

Kari Johansson og Anne Holter Vae

Prost

Frå lenestolen i Førde prestegard ser Kyrkje-posten sin utsende ut over heimbygda si. I den andre lenestolen sit Arild Steinsland som har vore sokneprest her i 19 år, og som no frå 1. januar er den nye prosten vår i Sunnhordland, med bustad i Førde og kontor på Stord.

Og me spør han likegodt straks om han ut over alt det som skal og må gjerast i eit svært prosti har ei hjartesak som me vil merka. **Ungdom**, seier han. Det er viktig at me som kyrkje forstår ungdommen og ungdomskulturen, og der vil bli starta eit studium mellom prestane omkring dette.

Me vil kartleggja kva me gjer for ungdommen, sjå framover og spørja kva me kan gjera, og gå inn i alt det som skjer i kyrkja med spørsmålet: Kunne ungdom ha vore dregne inn i dette.

Så må me og la frivillige ta større ansvar og utfordra fleire til å bruka sine talent i kyrkje-arbeidet.

Mange stader har dei fått til mykje. Og han har late seg imponera over den planlagde ungdomsgudstenesta i Etne kyrkje på Skjærtorsdag.

Men no må me få litt greie på kven denne karen er. Karmøybuen frå Norheim menighet har sterke røter i den tidlegare Sunnhordlandsbygda Bjoa. Her kjem Steinslandsnamnet frå og hit gjekk ferieturane om sommaren og elles. Han melde seg som frivillig på kaien og utvikla ei langt over gjennomsnittleg interesse for ferjer og båtar. Ikkje minst er han kjempéfane av HSD.

Når me snakkar vidare om kva Arild har drive med, fell intervjuaren heilt naturleg inn med kommentaren: Eg trur du likar å vera leiar. Og han fortel at det har blitt slik alle stader han har vore. Frå Ungdomsklubben i Norheim og som student ved Menighetsfakultetet i åra 1988 – 94.

Året etter var han sivilarbeidar i Mellomkirkeleg Råd, og kom inn i arbeidet med kristning-



sjubileet på Moster i 1995 med ansvar for dei utanlandske gjestene, m a slike som kardinal Cassidy og patriark Bartholomeus II.

I dag er han styreleiar i Moster Amfi og dermed hadde han og ei sentral rolle i 1000-årsjubileet for Kristenretten i fjor. To tusenårsfeiringar på 29 år er ikkje så verst!

Han var og aktiv i Misjon bak jernteppet med ansvar for 20- og 25-årsjubilea. Her hadde han kontakt med Richard Wurmbrandt, tok aktivt del i demonstrasjonar utanfor den russiske ambassaden og leia ungdomsturar til land bak jernteppet, særleg Polen og Tjekkosllovakia.

Han var og fulltidstilsett i organisasjonen i tre år, 1986-88.

Då er det interessant å høyra han fortelja om sitt første prestekall i Kirkenes, tiåret 1996-2006, i ei tid med eit heilt anna forhold til vår nabo i aust enn det me opplever i dag. Alt var ope. Visum var kurant å få. Prestefamilien bud-

t Arild



Foto:
Harald
Grønnevik.

de i same huset som den russiske generalkonsulen og hadde eit godt forhold til han. Der var tett samarbeid med både politikarar og kyrkje-folk, ortodokse og pinseverner, over grensa.

Arild var med og starta Aksjon Nabohjelp som frakta svære mengder matvarer inn til fattige i Murmanskområdet. Ein gong minnest han dei fekk 60 pallar syltetøy frå Lærum i Sogndal sendt gratis med Hurtigruta. Han køyrde ofte sjølv lastebil over grensa og fekk hjelp av russiske soldatar til å lossa.

Ei anna tid. Han minnest det russiske folket som frodig og vennleg, med stor gjestfridom.

Men og kulturforskjellane. Som då han tok del i bispvisitasen i Petsjenga, nabokommunen til Kirkenes. Korleis russarane drakk store mengder vodka, medan dei 2 norske prestane som var fråhaldsfolk, nytte vatn. Det ser no heilt likt ut i glaset, forresten. Ei smidig løysing!

Erkebiskop Simon har han høyrte er degradert til ei lita stilling i Sibir no, sidan han er motstandar av krigen landet fører.

Frå 2006 har han vore sunnhordlending og prest i Sveio bygdene. Det har vore gode og trivelege år mellom fine folk. Eg veit han har vore primus motor for Gjenbruksløy i Førde,

som i mi tid der var full av dyr og høyr, men som no flyt over av gjenbruksvarer.

Dei har alt finansierte det flotte soknehuset i Sveio, tatt inn 10 millionar og sopar no inn årleg 200 000 til misjonsprosjekt for NMS og 300 000 som saman med kommunen skal løna ei halv diakonstilling.

Og no er han altså prostens vår. Det skal nok bli bra.

La meg leggja til at han og har sine sportslege sidar som medlem i Prestesykkellaget. Dei har ved fleire høve trilla rundt på våre vegar her, frå Etne, over Håland til Skånevik, og Stronda-vegen. Og så spelar han mykje innebandy. Også i dag skal han ha sin dose. Dette har han og i mange år brukt i konfirmanntarbeidet.

I prostegarden bur han saman med lærarkona Gunvor, og saman med dei 3 ungane som alle bur i Oslo, lagar dei årleg artige musikalske julekort.

Det er påsketider. Me spør om Arild har noko meir på hjarta. Og han seier:

Jesus kallar seg sanninga. «Eg er vegen, sanninga og livet», sa han.

Slik knytte han seg til dette ordet.

I vår tid er det viktig at me held sanninga høgt. Usanning er framleis usant. Og det som er sant er framleis sant.

Sanning skaper liv. Å tala sant om sine nederlag skaper og liv.

Jesus løftar opp dei som ingenting er, og gir dei livet.

Sanninga er vegen til livet.

Harald Grønnevik

Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørken



– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel Winnie Milambo, her med dottera Tendai Mwela (åtte månader). Foto: Håvard Bjelland.

Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, hjelper konfirmantane oss å bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren.

I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra. Rett utanfor den irrgrøne oasen er bakken brun og knusk-tørr. Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er hardt råka. Som regel har folk berre venta på regntida med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet

ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er.

Åsne Gullikstad





Bibelskulen i Bafoulabé

Kyrkjelyden i Skånevik har framleis bibelskulen i Bafoulabé i Mali som vårt misjonsprosjekt. På grunn av krig og uro i Mali er det for tida ikkje norske misjonærar fast stasjonerte i landet.

Normisjon samarbeider med den nasjonale kyrkja EELM. Bibelskulen er hovudreiskap for utvikling av nye leiarar og har ansvar for teologisk oppfølging i distrikta i Mali. Dei siste åra har skulen hatt undervising frå januar til april. Resten av skuleåret har studentane praksis på heimstaden sin. Rektor på skulen er misjonær frå Kamerun. Elles er det lokale lærarar.

Nytt kull 2025: 17 personar hadde gitt beskjed

om at dei var klare til å starte. Ein blei gift. Ein måtte sjå til åkeren sin. Ein måtte passe huset til broren.

Ved oppstart i januar var det att 6 elevar. 4 kom fram i tide til å vere med på opningsfesten.

Det er 6 ivrige studentar. Rektor er veldig nøgd med dei første vekene på skulen.

I 2024 samla Skånevik kyrkjelyd inn kr. 10.825 til bibelskulen i Bafoulabé.

Astrid Askeland Johnsen



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!

Konsert i Skånevik kyrkje

Nærsvill Singers, med Nils Arne Helgerød som dirigent, med Frøydis Grorud på fløyte og saxofon og Ulf Nilsen på klaver og orgel, skal ha konsert i Skånevik kyrkje 31. mai kl. 18.00. Dei besøkte også Skånevik i 2019, og vil no koma igjen. Det blir utdrag frå kjente musicals samt spirituals og gospel som dei framfører både a capella og i samspel med Ulf og Frøydis. Ulf og Frøydis vil også framføra noko av sitt eige stoff. Velkommen til konsert!



Takk til våre annonsørar!



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv
Studiespesialisering
IT og medieproduksjon
Påbygging til generell studiekompetanse

Misjonssambandet skoler

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitstvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ønsker din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?
Ta kontakt med kyrkjekontoret!



LAUAREID
Service

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord

SKL 



BRØDRENE
MÆLAND 

MØBELRINGEN 

EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44


Etne Bilservice

Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustadraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teikneterester
- Søknadsprossessar

Vigor BYGG  Systemhus



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Livets gang

Etne sokn

Døpte:

05.01 *Osvald Mo Heggelund*
12.01 *Idun Heggelund*
12.01 *Loke Storli Høyland*
26.01 *Jakob Bjelland*
02.02 *Herman Vik Heggelund*
16.02 *Lars Grindheim*
16.02 *Mie Vørøs Silde*
16.02 *Anna Dorthea Mæland*
08.03 *Aksel Åberg*

Gravlagde/bisette:

13.12 *Sigrid Bjørgen*
20.12 *Magne Øyjord*
03.01 *Anna Steine*
17.01 *Erik Littlehamar*
24.01 *Egil Selland*
31.01 *Knut Norheim*
14.03 *Tor T. Fosse*
20.03 *Vidar Hall Børretzen*
25.03 *Øyvind Mæland*



Konfirmantle

Det var aktivitet og fart då konfirmantane frå Skånevik og Etne hadde kjekk leir på Brandøy midt i januar. Gymsalen gav rom for ballspel av ymse slag sjølv om det var midt på vinteren. Grip mikrofonen skapte stort engasjement og songglede på lørdagskvelden. Konfirmantane fekk jobba med dei ti bodorda på mange måtar, og som medførte refleksjon over deira eigne handlingar og val i dag. Tusen takk til mange frivillige leiarar som var med, og til Brandøy for god mat!

Kari Vik Stubaug



Foto Kari Vik Stuhaug.

ir på Brandøy



Foto Kari Vik Stuhaug.

Livets gang Skånevik sokn

Døpte:

19.01 *Cornelia Ness*

19.01 *Malin Leknes*

02.03 *Albertine Liknes Dikciute*

Gravlagde/bisette:

03.01 *Gudrid Tungesvik*

28.02 *Kristi Bokn*

26.03 *Liv Karin Markhus*

28.03 *Sigrid Sævareid*

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3626.46.37966

Vipps: 808258



Gudstenestekalender



17.04.	19:00	Etne kyrkje	Skjærtorsdagsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
18.04.	11:00	Grindheim kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Øyvind Heggland
18.04.	17:00	Skånevik kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Øyvind Heggland
19.04.	23:00	Stødle kyrkje	Påskennattsmesse	Kari Vik Stuhaug
20.04.	12:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
20.04.	12:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Harald Grønnevik
21.04.	11:00	Fjæra kapell	Høgtidsgudsteneste	Harald Grønnevik
27.04.	11:00	Grindheim kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
03.05.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
04.05.	11:00	Skånevik kyrkje	Konfirmasjonsgudstjeneste	Øyvind Heggland
10.05.	11:00	Etne kyrkje	Konfirmasjonsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
17.05.	11:00	Etne kyrkje	Festgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.05.	11:00	Skånevik kyrkje	Festgudsteneste	Harald Grønnevik
17.05.	13:30	Fjæra kapell	Festgudsteneste	Harald Grønnevik
25.05.	11:00	Frette kapell	Familiegudsteneste	Arild Steinsland
29.05.	11:00	Gjerde kyrkje	Gudstjeneste	Øyvind Heggland
01.06.	11:00	Eikehaugen	Familiegudsteneste	Øyvind Heggland
01.06.	19:00	Etne kyrkje	Kveldsgudstjeneste	Kari Vik Stuhaug
08.06.	11:00	Etne kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kari Vik Stuhaug
08.06.	11:00	Skånevik kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Harald Grønnevik
15.06.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
22.06.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
29.06.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
06.07.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
13.07.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
20.07.	11:00	Løa på Rullestad	Gudsteneste	Egil Larsen
27.07.		Inga gudsteneste		
03.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
10.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.08.	11:00	Gjerde kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
24.08.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Øyvind Heggland
31.08.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug

Endringar kan koma, følg med i Grannar eller www.etne.kyrkja.no.

Redaksjonsnemnda i kyrkjeporten: Harald Grønnevik, Kari Johansson, Steinar Frønsdal,
Alf Østrem og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby.